

Bilete og resultat frå aktivitetar i klubben mai 2023- mai 2024



Os juniorbridgeklubb



21. september 2023 var ein merkedag for klubben med startskotet for skulebriden på Lunde barneskule. Over 50 elevar fekk spelt si første bridgeturnering denne ettermiddagen.

juniorbridge.no/klubber/os-juniorbridgeklubb/

Sommaravslutning 14. juni 2023 i Torhilds hage



Premieutdeling etter bridgequizen.



Grillmeister Tarjei.

Oppstart skulebridge på Lunde, 21. september 2023



AUTOGRAFAFAR: Kaja Brekke måtte ned på kne og skriva autografar då ho var på besøk på Lunde barneskule torsdag. Foto: Kenneth Svenningsen



INITIATIVTAKAR: Tarjei Vangdal er blant dei som har teke initiativ til bridge i skulen i Noreg. Foto: Kenneth Svenningsen

– Sjølv starta eg som niaring. Det har vore viktig for karrieren min. Eg vart tidleg trygg i spelet og har fått god tid til å utvikla meg.

Fekk undervisning av ein verdsmeister

Os Bridgeklubb går all in for å verva nye talent. Torsdag hadde dei med seg verdsmeister Kaja Brekke til Lunde barneskule.

► **Kenneth Svenningsen**
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Ikkje sidan Martin Andresen som Brannkaptein stakk innom Os Bridgeklubb i gullåret 2007, har ein bridge-spelar måtta skriva autografar på samling her i kommunen. Torsdag var det igjen kø for å få namnetrekket til ein kortspelar på besøk i Os. Denne gongen på Lunde barneskule.

– Eg er med for å hjelpe å fremja sporten. Eg studerer i Bergen og har kort veg opp hit, fortel Kaja Brekke.

19-åringen vart verdsmeister for spelarar under 26 år i Italia i fjor. Jessheim-jenta meiner det er viktig å starta tidleg om ein skal bli god.

– Sjølv starta eg som niaring. Det har vore viktig for karrieren min. Eg vart tidleg trygg i spelet og har fått god tid til å utvikla meg, fortel ho.

Ho trekker fram fleire gode ved å starta tidleg.

– Eg har fått reisa mykje rundt både



KOSTE SEG: Ella, Emily og Jenny var blant dei som koste seg med kortspel på skulen torsdag. Foto: Kenneth Svenningsen

i Noreg og utlandet. Eg har fått vener på tvers av by- og landegrensar. Bridge er absolutt ein arena for å bli kjent med mange kjekke folk, slår 19-åringen fast.

Startar faste økter på Lunde barneskule

Takk vere hjelp frå Sparebankstiftinga DNB vil Norsk Bridgeforbund i tre år tilby skulebridge som nasjonalt tilbod til over 10.000 sjetteklassingar. Os juniorbridgeklubb er blant dei som vil vera

med og fronta satsinga. Torsdag stilte dei mannsterke på Lunde barneskule.

Leiar i Os Bridgeklubb, Tarjei Vangdal, var sentral i etableringa av prosjektet og skal ha æra for midlane som vart løyvde.

– No er ikkje bridge eit dyrt spel i seg sjølv, men for å setja dette prosjektet ut i live over heile landet, trong me litt midlar, seier Vangdal.

Han er strålende nøgd med introduksjonssøka på Lunde torsdag.

– Det var kjempekjekt. Me hadde over 50 elevar samla og responsen var utruleg god. Borna kan jo kort, så dei kom godt inn i det på kort tid. Så var det jo eit kjempeløft for oss at me fekk med oss ein verdsmeister som instruktør, smiler Vangdal.

– Kaja var populær?

– Ja, og ho var veldig flink til å fortelja om kva glede ho har av sporten, seier han.

Ein solid skare med frivillige frå Os Bridgeklubb må til for å gjennomføra satsinga framover.

– Skulebridge er eit konsept me har importert frå Danmark. Der har dei gjort dette i fleire år. Resultatet er overveldande. Veldig mange unge har byrja å spela, fortel Vangdal.

Inkluderande hobby

I dag går den første obligatoriske skulebridge-samlinga på Lunde barneskule av stabelen.

– Per dags dato har me 14-15 medlemmer i Os juniorbridge. Målet er sjølv sagt å rekruttera fleire medlemmer, men dette er eit heilt eige opplegg og vil gå kvar tysdag i eit par år framover. Etter kvart håpar me å kunna ha eit slikt opplegg på fleire skular, seier Vangdal.

– Kvifor trur du dette kortspelet vil appellera til born og ungdom?

– Først av alt fordi bridge er eit morosamt kortspel, men også fordi dette er ein hobby som er veldig inkluderande. Du treng ikkje vera kjapp til beins, sterk eller spenstig, og du kan ha nedsett funksjonsevne og likevel stilla heilt likt som dei andre, oppsummerer Vangdal.

Han legg til at konkurranse-elementet gjer det ekstra morosamt.

– Du konkurrerer ikkje berre med dei du spelar mot på bordet. Når me lagar til spel-økter som desse, får alle borda dei same korta. På den måten kan kvar spelar samanlikna seg med dei andre som sit på same plassen på eit anna bord. Det gjer spelet endå meir spennande, seier Vangdal.

Heilside i Os og Fusaposten tysdag 26. september 2023 i høve oppstarten av skulebridgen på Lunde fredag 23. september. Over 50 sjetteklassingar fekk prøva bridge denne ettermiddagen.

juniorbridge.no/klubber/os-juniorbridgeklubb/

Tur til Ulvik saman med Bergen Akademiske BK

29. september - 1. oktober 2023



Solveig og Sienna mot Morten og Helge.



Sopp i lange baner.

Ulvik HAK
Resultat.

1. Morten A - Kari	41
2. Morten B - Helge	36
3. Solveig - Sienna	28
4. Torbjørn - Herman	27
Ole Vidar - Tanel	27
Isak - Hunders	22

M. = 30

Resultata frå første turneringa.



Gjengen til bords i Ulvik.



Torbjørn og Isak.

trekk. MITA Verk
 TArpi - Anders 13
 Leit - Helge 13
 Herman - Torbjørn 8
 Mofen A - Isak 8
 Siemua - Laila 3
 Kari - Solveig 3
 gjennomsnitt : 8

Resultata frå 2. turneringa vi spelte i Ulvik.

NM junior, 21. - 22. oktober 2023, Trondheim



JUNIOR REKRUTT



1	4	18	57,1	Solveig Dræge - Sienna Vedå Vangdal
2	3	7	52,8	Daniel Olsen - Agustin Dorao
3	2	5	52,0	Brage Sælevik Bårdgård - Wiktor Orlicz
4	8	4	51,6	Tilde Rostrup Thuv - Ingrid Bjørlo Eriksen
5	1	0	50,0	Lasse Wangensteen Helde - Daniel Josefsen Holst
6	6	-3	48,8	Torbjørn Mo - Herman Moberg
7	7	-12	45,2	Edle Askø Høgestøl - Nora Bjørlo Eriksen
8	5	-19	42,5	Tiril Matea Gautepllass - Herman Wedvik

Solveig og Sienna vann rekruttklassen i NM junior med god margin. Torbjørn og Herman blei nummer 6. Saka henta frå bulletinen Trondheim ungdomsbridege laga i forbindelse med meisterskapet.

Stor aktivitet om fredagane



Frå ein fredagskveld i november. Anders i aksjon ved bordet på biblioteket saman med mange juniorar.



Klubbens yngste medlemmer i aksjon ein fredagskveld i november på Lunde barneskule.

Nissefest hos Tarjei, 28. november



Risgraut og pølser på menyen.



Kahoot som avslutning på nissefesten.

Juleavslutning 8. desember



Prøving av nye hettegenserar.



Det blei trangt om plassen på matologien i Irisfabrikken denne fredagskvelden.

Oppkøyringssak til junior-NM 2024 på Os

Historisk tildeling:

– For oss er dette veldig stort



REKRUTTERING: Tarjei Vangdal er sikker på at bridge-klubben vil rekruttere mange flere medlemmer framover.
Foto: Benjamin Søgne Olsen

– Dette er på mange måtar ein klapp på skuldra frå forbundet si side.

► **Kenneth Svenningsen**
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Os juniorbridgeklubb er tildelt årets junior-NM i bridge.

Leiaren i klubben, Tarjei Vangdal, trur tildelinga kjem som eit resultat av dei siste åras satsing.

– Os juniorbridgeklubb er vel den klubben i landet som satsar mest på rekruttering av unge spelarar. Det betalar seg no i form av at me - for første gong i historia - får arrangere NM. Det er stort, slår Vangdal fast.

Per dags dato har klubben 30 medlemmer i juniorgruppa. 12 av dei kom til i fjor haust.

– Nøkkelen i satsinga er skulebridgen. Den starta me opp på Lunde barneskule i fjor haust. Der har me fast spelning med to sjetteklassar kvar



NM: Junior-NM vil gå føre seg i gymsalen til Os ungdomsskule. Foto: Privat

tysdag, 12 av dei som fekk læra bridge med oss haust, er no faste medlemmer av klubben, seier Vangdal.

Vil utvida skuletilbodet

Leiaren i Os juniorbridgeklubb både håpar og trur at fleire ungdommar vil finna vegen til klubben denne våren.

– I NM vert det éin runde for nybyrjarar/rekruttar og éin for dei skulerte. Difor vil me truleg stilla med alle våre medlemmer, også dei me eventuelt rekrutterer i vår. Elles reknar eg med at heile landet vil vera representert. Tru-

leg kan vi få over 200 deltakarar, seier Vangdal.

Meisterskapen vil gå av stabelen i gymsalen på Os ungdomsskule 18. oktober.

– Me har avtale om å låna Os Aktivbygget også. Der vil det bli mykje leik og leven, fortel Vangdal.

Dei som kjem langvegsfrå, skal sova på skulen.

Elles skal klubben på tur med Åsane Bridgeklubb til Fanahytten i april.

– Dei er dei einaste her vestpå utanom oss som har skulebridge. Det blir kjekt for våre medlemmer å spela litt i lag med dei, seier han.

I løpet av inneverande år vil klubben prøva å utvida skulebridgen i kommunen.

– Me er i dialog med ein konkret skule. Det er litt uvisst når me får landa det, men me reknar med at det er eit prosjekt som kan starta opp til hausten. Då skal me også inkludera 7. klassingane på Lunde barneskule, så potensialet for rekruttering vil bli større og større, konstaterer Vangdal.

Sak frå Os og Fusaposten 6. februar 2024 i samband med at klubben skal arrangere NM for junior i oktober 2024.

juniorbridge.no/klubber/os-juniorbridgeklubb/

Treningsleir til Fanahytten saman men Åsane sine juniorar, 5. - 7. april



Ada og Celine mot Anders og Isak.



Flotte lokale å spela i på Fanahytten. Blir sikkert fleire turar til denne.



Inger Hilda, Sverre og Monja in action.



Anders "teiknar og fortel" om spel og system.



Besøk av ein europameister. Sven-Olai Høyland kjem med sine beste tips for å bli ein betre spelar.



Samling rundt frokostbordet.

Resultatliste

1	3	23,40	Flamingo	Tresselt - Rasmussen - Tyssøy Folgerø Holen - Juvik
2	1	20,02	Cowboy	Grude Borgen - Thorsen - Askvik Drønen - Bygnes - Vangdal - Drøge
3	2	19,60	Brillebjørn	Kobberød - Vangdal - Mjølkeråen - Trøen
4	4	12,22	Gamle folk	Jansen-Søndergaard - Dahl-Paulsen - Dyrstad - Sælmyr

Resultatliste frå turneringa vi spelte på Fanahytten



Torhilds vaffelkø søndag formiddag.



Ein liten konsert med Tarjei blei det òg.

Turneringar i eldresenteret

Arrangør: Os BK

Spill: 24, runder: 8, par: 12

Scratch | HCP

Plass	Par	Navn	Klubb	Poeng	%
1	1	Kåre Kristiansen - Kåre Aasen	Os BK	35	64.58
2	3	Joleiv Middtveit - Ole Magne Opsal	Os BK	28	61.67
3	2	Per Skotheim - Hans Victor Koch	Os BK	15	56.25
4	10	Bjørn Hauge - Ada Tyssøy Folgerø Holen	Os BK - Os juniorbridgeklubb	10	54.17
4	5	Trond Arne Tvedt - Eva Hårklau	Os BK	10	54.17
6	6	Leif Fjellro - Anita Snilstveit	Os BK - Sotra BK	9	53.75
7	8	Jørgen Blix - Jan Hjermann	Os BK	-6	47.5
7	12	Harald Ulland - Grete Haugland	Os BK - HEF-bridge	-6	47.5
9	4	Margot S. Alfheim - Krista Tharaldsen	Åsane BK	-14	44.17
10	9	Frode Dyrstad - Steffani Moen Dyrstad	Os BK - Os juniorbridgeklubb	-16	43.33
11	11	Linda Rasmussen - Bjarne Vågen	Os juniorbridgeklubb - Os BK	-23	40.42
12	7	Birgit N. Holsen - Marit Havelin	Os BK - HEF-bridge	-42	32.5

Ada og Steffani var med og spilte 15. april, med flotte resultat



Plass	Par	Navn	Klubb	Poeng	%
1	1	Tarjei Vedå Vangdal - Tor Anders Hauge	Os juniorbridgeklubb - Os BK	18,00	59,39
2	6	Leif Fjellro - Anita Snilstveit	Os BK - Sotra BK	17,70	59,24
3	5	Trond Arne Tvedt - Eva Hårklau	Os BK	4,50	52,34
4	9	Leif Juvik - Ole Magne Opsal	Os juniorbridgeklubb - Os BK	2,00	51,03
5	7	Birgit N. Holsen - Marit Havelin	Os BK - HEF-bridge	-2,50	48,71
6	2	Iben Askvik Drønen - Ida Sophie Walde	Os juniorbridgeklubb	-2,50	48,70
7	8	Linda Rasmussen - Bjarne Vågen	Os juniorbridgeklubb - Os BK	-3,30	48,29
8	3	Bjørn Hauge - Frode Dyrstad	Os BK	-5,90	46,93
9	4	Tore Fjeldberg - Kristen Helland	Stord BK - Os BK	-12,50	43,47
10	10	Kåre Kristiansen - Kåre Aasen	Os BK	-17,00	41,16

Iben og Ida var med 6. mai med god plassering

Skulemeisterskap og Marit Sveaas, 24. - 26. mai 2024 i Bodø



Lunde Piip Piip Yeah blå og rød på Flesland før avreise til Bodø.




Besøk på flymuseet i Bodø.



Testing av flysimulatorane på flymuseet var populært.



Lunde Piip Piip Yeah BLÅ med Ida og Iben på laget i oppgjer mot Engerdal Vandrefalk. Lunde gjekk sigrande ut av dette oppgjeret.



Heile gjengen som deltok i skulemeisterskapet i Bodø.



Havørnsafari.



Og ørn fekk vi sjå.



Solveig og Sienna vann rookie-turneringa under Marit Sveaas. Her frå premieutdelinga der president i Norsk Bridgeforbund, Åse Langeland, stod for utdelinga.

Resultatliste

Plass	Par	Poeng	%	Navn	MNR	Klubb
1	1	70	62,7	Solveig Drøge - Sienna Vedå Vangdal	45913 44668	Os juniorbridgeklubb
2	7	58	60,5	Sondre Selfors - Brage Sælevik Bårdgård	44605 46723	Helgeland Juniorbridgeklubb
3	2	35	56,4	Tilde Rostrup Thuv - Ingrid Bjørlo Eriksen	45181 45394	Sandnes Juniorbridgeklubb
4	9	28	55,1	Daniel Olsen - Bernhard Gilde	46784 47501	Trondheim ungdomsbridgeklubb
5	6	7	51,3	Victor Pallesen - Noah Glasse	47867 47868	Denmark
6	5	2	50,4	Signe Mørtzell - Inga Eriksen Valnes	44914 47598	Helgeland Juniorbridgeklubb - Sandnessjøen BK
7	11	-2	49,6	Torbjørn Mo - Herman Moberg	46169 44670	Os juniorbridgeklubb
8	10	-19	46,5	Ella Sørensen - Mathias Vagle Seland	46471 46484	Sandnes Juniorbridgeklubb
9	12	-29	44,7	Reni Mjølkeråen - Isak Thorsen	46215 46387	Os juniorbridgeklubb
10	4	-30	44,5	Lasse Wangensteen Helde - Herman Wedvik	45997 46315	Trondheim ungdomsbridgeklubb
11	3	-34	43,8	Nora Bjørlo Eriksen - Edle Askø Høgestøl	45395 45944	Sandnes Juniorbridgeklubb
12	8	-86	34,4	Johanna Ellingsen - Cassandra Ingvilde Eilertsen Wang	47061 47764	Sømna BK - Trondheim ungdomsbridgeklubb

Resultata frå Marit Sveaas IBT rookie 2024 med Sienna og Solveig på topp og flotte resultat frå dei andre frå Os juniorbridgeklubb som deltok.



Fotograf Airida Bekeryte var til stades og tok mange flotte bilete frå spelinga i Bodø. Her Ida til venstre og Iben til høgre.



22 lag deltok i skulemeisterskapet i Bodø.



Fotograf Airida Bekeryte var til stades og tok mange flotte bilete frå spelinga i Bodø. Oppe til venstre: Vicky, oppe til høgre Ada og på biletet nede Steffani og Marielle.



Laga frá Lunde samla framfor messeveggen i Bodø.


Resultatliste

Plass	Lag	Poeng	Navn	Lagsammensetning
1	11	80	Maglegaard skolen - Danmark	Knie-Andersen - Møller Hejlesen - Knie-Andersen - Dyrekilde
19	80		Borhaug skole leopard	Skeibrok - Brodtkorb - Lervik - Undem Harding
3	9	56	FKS Lions	Rotabakk - Larsen - Sørhus - Bigler - Vatnehol - Rotabakk
4	14	55	Engerdal BK Vandrefalk	Storsnes Drevsjomoen - Dønheim Åsgård - Kadaev Rønning - Olsson
16	55		Vågsbygd skole	Fjellstad - Moi - Abusdal - Øya - Berge
6	8	54	Trondheim	Linnigard - Mikkelsen - Halvorsen - Wedvik - Mikkelsen
7	2	53	Gystadmarka grønn	Kanthanesan - Viitanen - Thomassen - Palinski - Gimle-Wiik
8	7	52	Haukedalen	Eide - Tresselt - Trøen - Kobberød - Dahl-Paulsen - Sælmyr
17	52		Borhaug skole tiger	Erichsen-Aldana - Overaa - Heimvoll - Andreassen - Stålesen Hansen - Skaara
10	21	51	Fjellhamar	Hopen - Lund - Myrvang - Wenzl - Winther-Larssen - Nordby
11	5	49	Tindlund Skole Sarpsborg	Nilsen - Syversen - Larsen - Jahr - Aravinthan
12	3	47	Lunde Piip Piip Yeah BLÅ	Bygnes - Dyrstad - Walde - Askvik Drønen - Tyssøy Folgerø Hølen
4	47		Engerdal BK Kongeørn	Foss-Flobak - Danielsson Søndmør - Vestad Sømåen - Dønheim Åsgård - Fremming Karlsen
18	47		Båsmo barneskole / Hemnes sentralskole	Juvik - Småli - Schwase - Solås Gullesen
22	47		Vik skole	Vangen - Holmberg - Hagen - De Lie - Berg
16	10	43	Borhaug skole puma	Dybedokken Fuglestein - Solberg - Vaagsvold - Gregory - Hoholm - Mjåland
17	13	42	Bodø	Grønstad - Bendiksen Lund - Knudsen - Auvik - Solberg
20	42		Lunde Piip Piip Yeah RØD	Grude Borgen - G. Bratholmen - Leander Storum - Karlsen
19	1	40	Lynghheim skole	Forsbakk - Bustnes - Demchenko - Mjelle - Kornych - Thorley - Rikardsen
20	12	39	Gystadmarka blå	Kolstrøm - Gustavsen - Saugen - Sugaarden
21	6	38	Gystadmarka gul	Dørum - Dørum - Bjørknes - Aaen - Fossnes
22	15	31	Borhaug skole hai	Petterson - Mjåland - Aulie - Andreassen - Hove

Slik blei resultatlista frå skulemeisterskapet i Bodø 2024.




Takk for støtte!



FanaSparebank

REMA 1000

Moberg



Bufdir



BJØRNA
FJØRDEN



Os Sanitetsforening
Kløvertun